

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7a.

Fylke: Rogaland.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Skaare.

Emne: Lyng.

Bygdelag:

Oppskr. av: Svein Steinsnes, Skaare Gard:

(adresse): Haraldsgata 151, Haugesund. G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
 Etter samraiding med far, bonde Johan Steinsnes, Skaare,
 f. 17/3 1869.

SVAR

Det mest vanlege hjelpefor i Skaare har vore lyng. I utmarki mer veks det lyng so aa segja alle stader. Derimot er her ikkje skog. Berre paa Halseid er det noko bjørkeskog.

Lyngen vert og nytta til beite=plante.

I gamle dagar, "løyste" dei tidleg om vaaren, som regel i vinna. Dei slepte kyrne i utmarki, og so tidlig var der ikkje anna aa finna enn lyng. Kyrne gjekk i marki heile sumaren, til "Larsoke".

Kyrne likte godt lyngen til aa byrja med, men daa graset voks til og kyrne fekk smaken paa det, slutta dei aa eta lyng.

Naar det var rånge aar med lite høy og faare for forløysa om vaaren, "lynga" dei. (Lynga er a=verbum). Dei slo smaalyng med ljaa, langorv. Stundom skar dei lyng med sigd. Daa tok dei berre toppane av større lyng. Det var dette, aa slaa eller skjera lyng til krøterfor, som var aa lynga. Ein kunde og segja "lynging" (ei).

Kyrne aat godt lyngen. Men ein kunde ikkje bruka berre lyng. Dei maatte faa høy og.

Eg minnest berre eit aar me lynga. Det var visstnok i 1908. Me fekk for lite høy, og eldste bror min og eg slo lyng innom "søre Dyrhaaien" om vaaren.

Far segjer at han minnest berre ein gong dei lynga daa han voks opp. Daa var han 7, 8 aar, og dei lynga innmed Torvhusmurane. Det og var om vaaren.

Andre lynga oftare. Soleis var det ofte dei paa Skokland lynga paa haugane utani Skoklands-
haugen, fortel far. Om det var nokon som lynga kvart aar, veit ikkje far.

Lars Strand, Haugesund, (kring 75 aar) fortel at i Skjold, der han er fraa, hadde dei ein tjukkare og sterkare ljaa til aa slaa lyng med. Denne ljaan kalla dei "lyngjaa", men dei brukte eit vanleg langorv. I Skaare har eg ikkje høyrte dei har hatt serskild lyngljaa. Dei har brukt ein vanleg langorvsljaa til aa slaa lyng med.

Naar dei reiv "ondebor" (lyng til aa breida under smalen) brukte dei "ondeborsjaa". Det er ein heilt annan reidskap enn lyngljaa til aa slaa lyng med til for. Til underbord nytta dei større lyng og tok med lyngstylkene, mose og lyngrøter som fylgde med.

Far fortel etter Mikal Tornes (fødd i 1863) at dei reiv lyng til smalen (sauene). Dei la lyngen oppaa ^{måra} skuten der dei hadde sauene, og so aat sauene toppane av lyngen. No er folk slutta aa lynga, og dei riv ikkje underburd heller no.

Istadenfor aa lynga har folk i seinare tid slept kyrne i utmarki. Etter turkesumaren 1933 var det soleis sume paa vaare Kantar som slepte kyrne paa lyngen ei stund paa dagen heile hausten,

vinteren og vaaren etter. Det var ikkje mange dagane om vinteren at dei laut ha kyrne inne.

Til samanlikning legg eg ved eit utklypp or Haugesunds Dagblad fraa 16/10 1947, ein artikkel av kyrkjesongar har vore Jens Børresen, Sandeid. Han er opphavleg fraa Etne og er visstnok fødd i 1869. Han skriv baade om lynging og skav og beit.

I Skaare har dei og mykje brukt tare til hjelpefor. Det skriv eg ikkje om no, for eg ser det skal koma ei spyrjelista om det.

H a u g e s u n d , 2. januar 1948.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY